

FOR FRED OG UTVIKLING



Foto: Kirsti Kraudsen/Norsk Folkehjelp

Ulike menneske
like sjansar



For fred og utvikling

Fattigdomen i verda er ikkje tilfeldig. SV kjempar for fred og utvikling, og for at dei fattige i verda skal få makt over si eiga framtid.

Krig er ikkje løysinga

Krigane i Irak og Afghanistan har gjort verda meir utrygg og auka faren for terror. NATO-styrkane i Afghanistan bidrar ikkje til fred og tryggleik for dei sivile. Talet på drepne sivile aukar og dei lokale har låg tillit til dei internasjonale styrkane. For kvar bombe som fell, aukar oppslutninga om Taliban. **SV vil:**

- Avvikle den norske deltakinga i ISAF-styrkane i Afghanistan. FN bør overta ansvaret for tryggleik og stabilisering
- Styrkje den norske sivile og humanitære innsatsen, og bidra til ei politisk løysing på premissane til afghanarane

Fritt Palestina

I 40 år har Israel okkupert Palestina og fråteke palestinarane høvet til å leve eit verdig liv. I eit apartheidssystem verda knapt har sett maken til blir det palestinske folket audmjuka og trakassert. Palestinarar blir fråteke retten til å arbeide og gå på skule, og dei fleste lever i djup fattigdom. SV krev at Israel stansar okkupasjonen og godkjenner retten palestinarane har til ein eigen stat. **SV vil:**

- Arbeide for ein internasjonal våpenboikott og sanksjonar mot Israel
- At Statens pensjonsfond trekkjer seg ut av verksemdar som bidrar til okkupasjonen og brot på folkeretten

Nedrustning og våpenkontroll

Krig og væpna konflikt er ein hovudårsak til fattigdom. Årleg bruker verda 1000 milliardar kroner på det militære – tre gonger så mykje som heile budsjettet til dei Sameinte Nasjonane. Kontroll over internasjonal våpenhandel er ein føresetnad for fred og tryggleik. I dag er kontrollen for slapp, og reglane for våpenhandel er fulle av smotthol. **SV vil:**

- Innføre strengare reglar for norsk våpeneksport, og arbeide for ein internasjonal avtale som hindrar spreiding av våpen til statar som er i krig
- At Noreg tek initiativ i arbeidet for å forby atomvåpen

For utvikling, menneskerettar og miljø

Bistand kan bidra til å gi dei fattige i verda kontroll over sine egne liv. At éin prosent av inntektene til Noreg (BNI) nå blir nytta til bistand, er ein stor siger for SV i regjering. Men bistand aleine er ikkje nok. SV arbeider for ein heilskapleg utviklingspolitikk, med auka bistand, sletting av u-landsgjeld og strengare etiske retningslinjer for oljefondet. **SV vil:**

- Auke bistanden til fattige land, og bruke delar av oljefondet til eit internasjonal t naudhjelpsfond
- Syte for at Noreg er leiande i arbeidet for å slette illegitimt u-landsgjeld

Trykket på 100% resirkulert papir



www.sv.no

Sosialistisk Venstreparti

Akersgata 35, 0158 Oslo

Tlf.: 21 93 33 00

e-post: post@sv.no

www.sv.no